



Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde

Nyhetsbrev 23.06.2026

Kjære ressursjukepleiar og leiar i nettverket!

Sommaren nærmar seg, og for mange betyr det ferieavvikling, nye kollegaer i turnus og kanskje færre faglege ressursar tilgjengeleg. I denne perioden er de ekstra viktige som gode førebilete og støttespelarar for kollegaene dykkar – som ei stødig støtte når det røyne litt på i kvardagen, slik at pasientforløp og fagleg arbeid likevel held seg oppe og kan vekse vidare. Ingen er perfekte, men de bidreg kvar dag til å skape trygge og gode pasientforløp. Før vi går inn i sommaren, har vi noko vi ynskjer å seie dykk.

Til deg som er ressursjukepleiar: Takk for det viktige arbeidet du gjer gjennom heile året. Med kunnskap, engasjement og innsats styrkjer du kreftomsorga og den lindrande behandlinga til beste for pasientar, pårørande og kollegaer.

Til deg som er leiar: Takk for at du legg til rette for, og støttar ressursjukepleiaren i denne viktige rolla. Det er gjennom godt samarbeid og felles innsats at vi kan utvikle og halde oppe gode tenester innan kreftomsorg og lindrande behandling.

Tusen takk for den innsatsen de legg ned kvar dag!

Kva har skjedd sidan sist?

Felles for nettverka i Helseregion Vest

Funksjonsbeskrivinga for ressursjukepleiarar er oppdatert. Funksjonsbeskrivinga følgjer strategien for 2025–2029 og den finn du på nettsida til nettverket under [aktuelle dokument](#).

Kompetanseplan for sjukepleiarnettverket er under revidering. De får den tilsendt når den er ferdig.



Helse Førde foretaksområde



I vår har vi arrangert 3 lokalgruppesamlingar i nettverket.

Sogndal, Sandane og Florø var vertskap for nettverksmøta. Tema har vore:

«**Førehandssamtal**», der vi saman har gått gjennom e-læringskurs om førehandssamtalar.

Det blei gode refleksjonar i gruppene undervegs i kurset. Lommekort med viktige spørsmål til bruk i det daglege blei delt ut til alle, håpar de nyttar desse i møte med pasientane. De finn lommekort for kopiering her: [Forhåndssamtaler](#)

Digitalt introduksjonskurs for nye leiarar

14. april inviterte vi nye leiarar til eit digitalt introduksjonskurs. I løpet av 1,5 time fekk deltakarane informasjon om mandatet for fagnettverket innan kreftomsorg og lindrande behandling, og om rolla, funksjonen og ansvaret til både ressursssjukepleiar og leiar. Kurset samla 19 deltakarar.

Årleg fagdag 03.02.26

Tema for den årlege fagdagen var «**Frå utgreiing til livets slutt – nevrologiske sjukdommar i eit palliativt perspektiv**», med særleg fokus på Parkinsons sjukdom.

Omlag 125 personar deltok på fagdagen, og 107 av deltakarane leverte evaluering. Tilbakemeldingane var gjennomgåande svært gode.



Dagen bestod av faglege innlegg frå Anette Storstein, overlege ved neurologisk avdeling, Haukeland universitetssjukehus, Solveig af Geijerstam, parkinsonsjukepleiar ved neurologisk avdeling, Haukeland universitetssjukehus, ergoterapeut Glenn A. Lammetun Vilnes frå Askvoll kommune og sosionom Monica Sele frå Helse Førde. Sele underviste om viktigheita av den tidlege samtalen, planlegging og bruk av framtidfullmakt i møte med pasientar med progredierande sjukdom. Forfattar og dramatikar [Rolf Losnegård](#), som sjølv lever med Parkinsons sjukdom, delte ei sterk og personleg forteljing. Gjennom humor, openheit og ei ærleg forteljing tok han publikum med inn i livet sitt, der ein neurologisk sjukdom gradvis påverkar rørsleevna hans. Han sette ord på utfordringar, tap og søken etter mening i ein ny livssituasjon, noko som gjorde sterkt inntrykk på deltakarane.



Fysio- og ergoterapinettverk i Helse Førde foretaksområdet

Vi er glade for å kunne fortelje at vi også i Helse Førde har fått etablert eit eige nettverk av fysioterapeutar og ergoterapeutar innan kreftomsorg og lindrande behandling. Det er no registrert 11 ressurspersonar innan fysio- og ergoterapi i [pallnet](#).



Ergoterapeut Liv Marie Torbergsen er leiar i nettverket av fysio- og ergoterapeutar i Helse Førde.

Målet med nettverket er: Kompetanseheving og samhandling slik at kreftpasientar og pasientar med behov for lindrande behandling møter fysio- og ergoterapeutar som kan gje best mogleg/god kvalitet og tryggleik i tenestene som pasientane treng.

Ressurspersonane vil få tilbod om:

- Deltaking på årleg fagdag saman med ressursjukepleiarane
- Digital undervisning saman med dei andre fysio- og ergoterapi nettverka i Helse Vest

Del nyhendet med fysio- og ergoterapeutar på din arbeidsstad. Vi håpar at det er fleire som ynskjer å vere med i nettverket. Flott om dei melder tilbake namn til oss.

Planar for hausten 2026:

Introduksjonskurs for nye ressursjukepleiarar og leiarar 29.09.26

Program og påmeldingsinformasjon

Grunnkurs i palliasjon 10.11.26

Dette kurset er for nye ressurspersonar i nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling, og som tidlegare ikkje har delteke på fagdag i grunnleggjande palliasjon. Kurset er også for anna helsepersonell som møter palliative pasientar i primær- og spesialisthelsetenesta.

Påmeldingsinformasjon vil bli sendt ut i god tid.

Lokalgruppesamlingar for ressursjukepleiarar i haust:

Tema for samlingane vil bli obstipasjon og malign tarmobstruksjon.

Nettverksgruppe	Dato
Sogn	13.10.26
Nordfjord	20.10.26
Sunnfjord/Kinn	27.10.26

Lurer du på kor du finn full oversikt over alle ressurspersonar, inkludert kreftkoordinatorar i heile Helseregion Vest?

Sjekk ut:



Markering av verdsdagen for lindrande behandling i Førde 05.-06. september

Dagen vert markert på «**Stafett for livet**» med appell med fokus på verdien av å nytte pleiepengar. Filmen om nettverket skal visast på storskjerm. Markeringa er eit samarbeid mellom lokale medlemmer i Kreftsykepleierne NSF gruppe Vestland og regional medarbeidar i KLB. Vi vil ha stand denne dagen og møte publikum.

Aktuell informasjon frå fagfeltet

Ny opplæringspakke om lindrande behandling og omsorg tilgjengeleg

Opplæringspakken skal bidra til å heve den grunnleggjande kompetansen i palliasjon hos jukepleiarar, helsefagarbeidarar og assistentar i den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Opplæringspakken er utvikla av Aldring og helse, på oppdrag frå Helsedirektoratet, som ein del av

oppfølginga av Stortingsmeldinga om palliasjon - Melding St. 24 (2019-2020). All informasjon er samla på Aldring og helse [Palliasjon: lindrende behandling og omsorg](#)

Ny rettleiar om behandlingsavklaringar ved livsbegrensande eller alvorleg langvarig sjukdom

Den nye rettleiaren erstattar "Veileder om beslutningsprosesser ved begrensning av livsforlengende behandling" frå 2009 (revidert 2013).

Rettleiaren rettar seg mot fastlegar, sjukeheimslegar, heimetenester og akuttmedisinske tenester, i tillegg til spesialisthelsetenesta. Og gjeld pasientar i alle aldrar med livsbegrensande eller alvorleg langvarig sjukdom.

Her finn du:

Rettleiaren: [Behandlingsavklaringer ved livsbegrensande eller alvorlig langvarig sykdom - Helsedirektoratet](#)

Helsedirektoratet si nyheitssak: [Ønsker åpenhet om alvorlig sykdom, skrøpelighet og død - Helsedirektoratet](#)

Ny samleside om pårørande - [Helsedirektoratet](#)

Ein digital guide til godt pårørandearbeid

[DIGGPA](#) er ein digital guide som gir helse- og omsorgspersonell praktiske verktøy for systematisk og godt pårørandearbeid. Han skal gjere det enklare å støtte pårørande som står i ein ny og krevjande kvardag.

«Håndbok i lindrende behandling» oppdateres kontinuerleg

Du finner meir informasjon på metodebok.no: [Metodebok](#)

Hjelpepodden

Ny og aktuell episode i podkastserien "Hjelpepodden".

Den 9. episoden heiter "Når livet flytter på sykehjem". [Hjelpepodden](#) er ein podkast om ordningar for pasientar og pårørande, produsert av Haraldsplass diakonale sjukehus i samarbeid med VID viteskapelige høgskole.

Nytt frå Kreftforeningen

Vardesenteret har mange digitale tilbod, desse finn du på [nettsidene](#)

Aktuell podkast [Brinkmanns briks | Min kollega Peter dør om lidt - hvordan lever man sine sidste uger? | Lyt som podcast | DR LYD](#)

Kurs og konferanser

- [Landskonferansen i palliasjon 23.- 25. september 2026](#)
«Vi står han av», den 19. Landskonferansen i palliasjon i Tromsø.
-

Ønsker dykk alle ein nydeleg sommar

Beste helsing Marthe og Camilla